
Saknr: 2020/960-6
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 03.03.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Arbeid med høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan 2022-2033 - Status

Det vert her gjort kort greie for status for arbeidet med å førebu høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan 2022-2033.

Vestland fylkeskommune har etter invitasjon frå fylkesordførar gjennomført 3 regionale innspelsmøte om Nasjonal transportplan 2022-2033 der kommunar, regionråd og organisasjonar med interesse for samferdsel har vore inviterte. Det er oppretta ei nettside som gir informasjon om Vestland fylkeskommune sitt arbeid med Nasjonal transportplan 2022-2033. De finn her også presentasjonane som blei brukte på desse møta og nettartiklar om møta. Sjå www.vlfk.no/ntp

Fylkesordførar vil kalle inn til eit nytt dialogmøte med aktuelle samarbeidspartar fredag 27. mars kl. 10:00-13:00 i Bergen. Programmet er enno ikkje endeleg avklara, men det blir lagt opp til at etatane presenterer sine prioriteringar i tillegg til at det blir moglegheit for å kome med korte innspel til prioriteringar.

Ulike samarbeidspartar er inviterte til å gje skriftlege innspel til fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn med frist 3. april. Desse vert gjort fortløpande tilgjengelege på www.vlfk.no/ntp.

Transportetatane skal leggje fram sine framlegg til prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-33 til Samferdselsdepartementet 13. mars. Det er førebels ikkje avklara om desse dokumenta vert publiserte denne dagen eller om det vil ta nokre dagar før dokumenta vert offentlege.

Frist for å levere høyringsfråsegn er sett til 14. mai. Det er difor beramma eit ekstraordinært møte i fylkestinget 12. mai.

Det er kort tid for fylkesrådmannen å førebu eit saksframlegg etter at etatane legg fram sine prioriteringar. Neste møte i SAMO er sett til 15. april. Det kan bli aktuelt å kalle inn til eit ekstraordinært møte i SAMO i slutten av april slik at fylkesrådmannen rekk å innarbeide etatane sine vurderingar samt innspel frå ulike samarbeidspartar i saksframlegget.